

Har tilsett ny rådmann

MODALEN: Jo Bjarte Tømmerbakke er tilsett som ny rådmann i Modalen kommune, og begynner i stillinga den 9. oktober, melder Modalen kommune på sine nettsider.

Fram til den tid vil Oddvin Neset vera konstituert rådmann.

Kajakk-kurs i Eknesvågen

LINDÅS: Kystsogevekene held fram i Eknesvågen. Søndag 10. september er temaet kajakk. Leiaren i Nordhordland kajakklubb Audun Håland vil fortelja om kajakken og ha eit minikurs i bruk. Deltakarane får låna kajakkar og utstyr. Diverre er minikurset fullteikna så skal nye få plass, er det nokon som må trekkja seg.

Det er i alle fall høve for alle til å vitja bokkafeen å kjøpa billige bøker, kaffi og vaflar, skriv Karstein Bjørge i Eknesvågens Venner i ein e-post til Strilen.

Bassenga har opna etter ferien

RADØY: Tysdag opna bassenga i Radøyhallen etter ferien. Etter ein regntung sommar som ikkje har freista til så mykje bading i sjø og vatn, kan badefolket sjå fram til å nyta oppvarma bassengvatn. Kommunen kan no tilby gratis bading til elevar i 1. klasse saman med ein voksen. Bassenget er ope for alle tysdagar, torsdagar, fredagar og laurdagar. Meir informasjon om opningstidene finn du på nettsidene til kommunen.

Strilane inntar Kulturnatta i Bergen

BERGEN: Under Kulturnatta i Bergen førstkommande fredag, blir det ein rekke minikonsertar med ensemble frå Eikanger-Bjørsvik og Sjøforsvarets Musikkorps. Og ikkje nok med det, men D/S Oster ligg også til kai, og der blir det underhaldning og sal av betasuppe, kaffimat, øl og vin. Ei Kulturnatt er, som ordet seier, noko som foregår langt etter både sengetid og stengetid. Denne kvelden er det opne museum, galleri, kyrkjer, dampskip og konsertstader heilt fram til midnatt, fortel Sølv Ones i Unison. Det er sjølv sagt lov for strilane å nyta seg av andre kulturtildelser denne kvelden også. Så vil du vera med på Kulturcruise på Beffen, kyrkjegardsvandring med lommelykt, aktteikning i Tårnsalen, glasblåsing på S12, korkonsert i Domkirken, dans på Torgallmenningen, teaterquiz på Dns, film i Skostredet eller storbandaften på Gamle Hovedbrandstasjonen?

Legg ned Kiwi i Knarvik senter

Kiwi har bestemt å leggja ned butikken i Knarvik senter.

Av Gunn Berit Wiik Berg

gunn.berit@strilen.no

– Det er jo kjempetrist både for oss og dei trufaste kundane, men slik er det, seier Janicke Kvalheim.

Ho har jobba i butikken sidan han vart opna for seksten år sidan. Dei fire siste som butikksjef.

For liten

Grunnen til nedlegginga er at Kiwi har mått ta eit val i samband med at leigekontrakten i senteret går ut 28. februar neste år.

– I eit framtidig perspektiv ser me at lokalet blir for lite, og dermed ikkje passar til Kiwi si auka satsing på frukt, grønt og ferskvarer, forklarer regionsjef i Region Vest, Jan Olav Mjøs.

At det ligg fire Kiwi-butikkar til i området, har ikkje vore avgjande for valet.


– Eit skikkeleg godt vareutval krev areal, og det er allereie mykje større utval i Kiwi Kvassnesvegen, på Ikenberget og på Frekhaug og på Hylkje for den del. Og på Ikenberget og Frekhaug har dei alt utvida butikkane fleire gonger, seier han.

Alle får jobb vidare

Mjøs legg til at det aldri er kjekt å leggja ned arbeidsplassar, men at dei alt har starta prosessen med å leggja til rette for at alle dei elleve tilsette skal få jobb i andre Kiwi-butikkar.

– Ein av dei tilsette alt fått jobb i ein annan lokal butikk, seier han.

Butikken kjem til å vera i full drift til leigeavtalen går ut i februar.



TRIST: Janicke Kvalheim har jobba i butikken sidan han vart opna for seksten år sidan. Dei fire siste som butikksjef.

SUDOKU

2	8				4	9		
			5		1	3		
			8					
6	3	1		9				
	8	2	6					
	4		5	2	8			
			6					
9	1		4					
5	3				7	6		

Middels

Vanskeleg

Svar på
førre
SuDoku

Middels

2	4	9	3	7	6	8	1	5
7	8	3	1	4	5	2	6	9
5	6	1	8	9	2	7	4	3
6	7	5	4	1	8	9	3	2
1	9	2	5	3	7	6	8	4
8	3	4	6	2	9	5	7	1
4	5	6	9	8	3	1	2	7
9	1	7	2	6	4	3	5	8
3	2	8	7	5	1	4	9	6

Vanskeleg

2	4	9	3	7	6	8	1	5
7	8	3	1	4	5	2	6	9
5	6	1	8	9	2	7	4	3
6	7	5	4	1	8	9	3	2
1	9	2	5	3	7	6	8	4
8	3	4	6	2	9	5	7	1
4	5	6	9	8	3	1	2	7
9	1	7	2	6	4	3	5	8
3	2	8	7	5	1	4	9	6

Fyll ut dei tomme rutene med tal frå 1 til 9, både vassrett, loddrett og i kvadrata.

Levert av Media Borge